

Tordis Irene Fosse:

Ny nynorsk rettskriving – høringssvar 24. 2011

Min bakgrunn for å uttala meg

Utgangspunktet mitt er det doble ved mandatet:

(1) Enkel, tydeleg, stram norm, lett å bruke

Eg er førsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Oslo og har undervist nynorsk i bokmålsstrøk i lærarutdanning i fleire tiår, har slik også forhold til grunnskolen i bokmålsområde. Har hatt fleire nynorsk kurs i Oslo for ymse statsetatar. Veit med denne bakgrunnen noko om det enkle og tydelege og lettlærte.

(2) Folk frå heile landet skal kjenne seg heime i rettskrivinga. Det skal vera ein nynorsk som “kan appellera til språkbrukarar over heile landet”. Nynorsken skal ha eit “breitt talemålsgrunnlag”.

Eg tenkjer at eg kan vera eitt av måleinstrumenta her. Eg er austnorsk og ikkje frå nynorsk ”kjerneområde”, har midtgudbrandsdøl og litt totning som talemål og vil absolutt skrive nynorsk. Kjenner meg som ekte nynorsking og vil bli rekna med! Har skrivi nynorsk heile livet. Faglitterær forfattar. Har lagt merke til mange reaksjonar på nettet frå ”utkantnynorskingar”.

Hovudintrykk av nemndarbeidet: Ei mengd bra oppryddingsarbeid!

Eg vil framheve noko av det bra, og be om somme endringar. Tenking bak framlegga mine – i tråd med det doble mandatet:

1 Lojalitet mot rettskrivinga

Det er ikkje bra for nynorsken om vi blir *mange* som skriv *ofte* på utsida av normalen. Det er heller ikkje stas å måtta bryte rettskrivinga og vera ”ulovleg norsk”. Somme må/bør bruke normalen i ein del samanhengar og kan bryte ut i andre samanhengar. Det kan kjennast splittande med ein slik dobbel praksis dersom det gjeld gjennomgåande trekk, som bøyingsformer.

2 Ta vare på ”utkantnynorskingane”!

Grensevakter trengst, og nynorsken må ikkje trekke seg innover mot ”kjerneområdet” lik ein smeltande isbre. Dersom nynorsken blir eit mål berre for Vestlandet, kan generelle jamstillingsordningar stå i fare. Nynorsken skal vera eit godt tilbod til folk i store delar av landet.

3 Fargerikt fellesskap

Nynorsken bør framleis ha ulike regionale fargar og rom for kreativitet til skrivarar og lesarar. Eg vil skrive *min* nynorsk, og eg har glede av at andre skriv *sin*. Det er noko av det fine med nynorsken, at ein kan ane dialekten og somme tider stemma bak. Valfridomen opnar i tillegg for kreativitet.

4 Nynorskskrivarar med bokmålsbakgrunn: forfattarar og andre

Nynorsken treng ei romsleg norm for å vera tiltrekkande på slike. Vi er ikkje for mange nynorskskrivarar! Spesielt er det fint å ha med seg forfattarar frå både her og der. Dei kan vera forbilde for andre skrivarar, ikkje minst ungdom: Sjå det går an å vera trønder eller østerdøl og skrive nynorsk!

5 Nynorsken og nynorsknormalen treng skjønnlitteratur og mye rart

Normalen skal vera for alle og for kvardagen. Språket er større enn normalen. Ja, men nynorsken skal også gi noko plass for dei som skriv kunstnarleg eller er litt på sida av fleirtalet og kjerneområdet. Det treng ikkje vera ingenting eller alt. Ein bør ikkje få ein tørr og esperanto-grei normal på den eine sida og ein utøvande nynorsk på den andre sida, som ikkje heilt kan reknast som nynorsk. Forfattarane må få gjera ære på nynorsken, og nynorsknormalen må gjera ære på forfattarane. Forfattarane trengst som gyldige føredøme i nynorskopplæringa.

6 Moderne nynorsk

Dersom folk frå heile landet skal kjenne seg heime i rettskrivinga, må ho ta inn i seg at språkbruken er i endring. 59-normalen gjorde noko med nynorsken som vi vanskeleg kan gå bakafor. Dører vart opna. Jamfør elles at ein moderne forfattar som Kjartan Fløgstad bruker ”noe”, ”noen” og ”mye” lett og naturleg i sin munnlege vestlandsnynorsk (føredrag på Litteraturhuset 19.2.11).

7 Mjukt møte med nynorsken

Ok at bokmålsfolk møter litt forskjellig nynorsk, meir eller mindre fremmendarta for dei. Kanskje trengst somme formidlande/formildande mellomledd?

8 Lettare å lære ein regel enn mange einskildtilfelle

Ikkje alltid så farleg med valfridom på regelnivå. Eksempel: infinitivending.

9 Nynorsken skal ta vare på grunnleggande opplevingar og tilhørighet

Somme system (som kløyvd infinitiv og partisipp på -i) og ord kjennest viktigare enn andre. Viktige er frekvente ord og orda frå barndom, kropp, natur, landbruk (og sikkert fiske også!), hus og heim: ord som heng saman med grunnleggande opplevingar og tilhørighet.

Oppsummerande:

Nynorsken skal vera eit praktisk og greitt språk og meir enn det

Kvaagnar det nynorsken om han blir enkel og oversiktleg, men fremmend og mistar kontakten med sjela vår alt det rare og skjønne? Nemnda har vist at dei har skjont ein god del av dette.

Einskildstandpunkt ut ifå tenkinga over, om spørsmål stilt av nemnda

- **Berre -leg, ikkje -lig** (*endeleg, ikkje endelig*)? **Ja** til denne innstramminga. Noko må vi ofre!
- **Berre -stilling, ikkje -stelling** (*framstilling, ikkje framstelling*)? **Ok** (men ein småting)
- **Valfrij** i verb som *leggje/legge* og *søkje/søke* og svake hokjønnsord som *bryggje/brygge* og *enkje/enke*? **Ja!** Veldig glad for dette. Enkel ordning som får med seg heile landet og mange slags språkbrukarar. Utan denne valfridom vil det halde hardt med lojaliteten!
- Former med **diftong** eineformer i ord som *drøyme, høyre* og *køyre*? **Nei!** "Drøm", "kjøre", "høre" osv. er vanleg talemål i store delar av landet og er del av nynorsk. Her opna 59-normalen ei dør. Mange av oss vil ikkje følgje ei utestenging her. Eg les veldig gjerne "draum", men det er ikkje mitt språk – dette gjeld for mange.

- Former som i dag har hovudform med **dobbel konsonant** og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant (*ramme, danne*)? **Ja!** Grei forenkling.
- Valfri **samsvarbøying** i perfektum partisipp av svake verb, men ikkje i sterke? **Greitt nok!** (Erfaring frå lærarutdanning: Nesten ingen greier å lære alt om samsvarsbøying!)
- **Dykk** som subjektsform vert jamstilt med *de*? **Tja.** Neppe noko særleg poeng med den endringa. "Dykk" blir kor som er ikkje heimsleg for oss som ikkje skil mellom subjekt- og objektform her. ("Dykk" er det eine nynorskordet eg ikkje kan få meg til å skrive på SMS og Facebook. Men "døkk" – "døkk" kan eg vel ikkje be om...) Og motstanden mot "dykk" er tydelegvis enorm.
- Stryke dei jamstelte formene, *skole* og *mye*, saman med klammeformene [*noe(n)*]? **Nei!** Forstår skule- framstøytet, men går likevel inn for å behalde "skole". Dersom ikkje alle høgskolane blir universitet, blir det eit rabalder med dobbeltnamn. Vi treng ikkje gjera oss så vanskelege. Går det ikkje an å påverke forlaga som lagar skolebøker, på anna vis i slike saker enn med stor tvang? Ein god del nynorskskrivarar vil dessutan halde fram med å skrive "skole". "Mye" bør godtakast på line med "da", "nå" og "så". Nemnda skriv fint om "mye", men konkluderer negativt! Ikkje sei at "mye" er fremmendt i nynorsk – kven eig nynorsken? "Noe(n)" har fordelar: lett å lære og høver for nynorske utkantområde. Kan også brukast når det er lite trykk. (I Sør-Fron er det både "någå", "nå", "nån" og "naugre".)
- **Kløyvd infinitiv** (*vera/tenkje*) ut av rettskrivinga? **Nei og atter nei!** At det er tre alternativ i infinitiv, er lett å lære, er stramt nok og har mye å bety for "landsdekkinga". Det er eit bra enkelt system med stor gevinst. Akkurat der ser vi korleis nynorsk oppfører seg annleis enn bokmål i møtet med talemål. Kløyvd infinitiv har lang tradisjon i tale og skrift, er i ryggmergen på mange og i store delar av landet (og kan så å seia knyte band mellom a- og e-område). Forfattarar i fleng har brukt og bruker kløyvd infinitiv. Nynorsken kan koste på seg dette! Vi vil ikkje bli ryggmergsopererte!
- **I-mål** (*sola [soli]* (bunden form eintal), *husa [husi]* (bunden form fleirtal)) ut av den offisielle norma. Under tvil: **Ok.**

Einskildstandpunkt i tillegg til det nemnda spør spesielt om

Partisipp: kome/komi

Tillat begge endingar (i og e)! Det seier totningen i meg, dessutan godt med tydeleg skilje mellom infinitiv og partisipp. Desse formene er heimslege for mange, også halvvegs i midlandsområde.

Heimanfrå/heimafra o.l.

Tillat "heimafra", "utafor" osv. Det er lettare former og treffer ymse slag nynorskingar.

Frekvente småord

Godt at "da", "nå" og "så" er med i forslaget. Det er ei avgrensa ordning som har veldig mye å bety, for det er ord som vi bruker heile tida og har brukt heile tida.

ukse, hjerte, lippe, klyppe, tropp, moske, horv

Tillat desse formene på dei "nære" orda! ("Boso" kan eg skrive illegalt...)

Etterlengta vanlege ord: valg, salg, svømme (og "svømme" er stemt inn – hurra!)